

Rapport om Grunnlovsjubileet 1814-2014



GRUNNLOVS- JUBILEET I HORDALAND



Bli med på 200-årsjubileum 2014 – ein folkefest i heile landet! Eit år med fokus på grunnlov, demokrati, ytringsfridom og folkestyre

Sjå meir på
www.hordaland.no/grunnlovsjubileet
f Grunnlovsjubileet 2014 Hordaland



KVA SYNEST DU GJER LANDET VÅRT GODT Å LEVE I?

SEI DI MEINING PÅ WWW.GRUNNLOVEN200.NO



Grunnlovsjubileet2014



Grunnloven200



Grunnlovsjubileet2014

#Grunnlovsjubileum • #Grunnloven • #17mai2014 • #Gr1814 • #Grunnloven200



Innhold

Samandrag	3
Bakgrunn	3
Ressursar	3
Arrangement i fylkeskommunal regi og i samarbeid med andre	5
Vardebrenning for Grunnlova	5
Historisk festmeny for Hordaland 2014.....	5
Festmøte og festmiddag for Grunnlova	7
Grunnlovsseilasen 2014 – anløp og allting for ungdom	9
Leik og liv i 1814 – ein forestillingsturné i Hordaland	11
Kulturminnemarkering i Christieparken	12
Frå ting til ting – seminar saman med Riksantikvaren	14
Presseklipp	16
Vardebrenning for Grunnlova 16. februar	16
Festmeny for Hordaland	17
Leik og liv i 1814.....	18
Kulturminnemarkering.....	20
Eksterne rapportar	23
Universitetet i Bergen	23
Grunnlovsseilasen 2014	23
Fråsegn frå allting for Ungdom	23
Takk til	23

Framsidedelet er plakaten som vart sendt ut til alle kommunar i fylket og alle fylkeskommunale institusjonar saman med informasjon om kva som var planlagt i løpet av året og oppmoding om å lage egne arrangement og mangfaldiggjere desse. Denne plakaten er laga på Grunnlovsjubileumssekretariatet på Stortinget sin mal og har tema som har vore brukt gjennom heile jubileumsåret i heile landet.

Samandrag

Grunnlovsjubileet 1814-2014 har vore feira over heile landet gjennom året. Hordaland fylkeskommune (HFK) har også sett sitt preg på feiringa med eigne arrangement både åleine og i samarbeid med andre institusjonar og organisasjonar. Ein har gjennom året forsøkt å vise noko av det fylkeskommunen driv med i det daglege, og kva relevans det har i eit jubileumsår for Grunnlova. Hordalendingane har vore kreative og ei rekkje arrangement, utstillingar, foredrag og forestillingar har vore til glede for innbyggjarane. Fylkeskommunen har gjennom sine kanalar fremja både eigne og andre sine arrangement. Eit oversyn over kor mange som deltok gjev eit inntrykk av storleiken, men mange fleire har vonaleg fått teke del i delar av dette gjennom media og ved å delta på andre arrangement i jubileumsåret. Tall Ships Races var eit hovudarrangement der fylkeskommunen medverka økonomisk, men er ikkje omtala i denne rapporten. Utover i rapporten vil dei fylkeskommunale arrangementa bli synleggjort, og det vert vist til nettartiklar med meir informasjon.

Arrangement - estimert tal publikum, deltakarar og aktørar	
Vardebrenning for Grunnlova 16.02	300
Kokkekamp for Grunnlova 23.04	40
Premietur til Eidsvoll for elevar i vgs 12.05	10
Festmiddag for Grunnlova 14.05	200
Kvit dame i fylkeskommunen si kantine 16.05	200
Grunnlovsseilassen 2014 anløp og allting 31.05	400
The Thing Trail 23.06	50
Leik og liv i 1814 - turnéen hausten 2014	2140
Kulturminnemarkering i Christieparken 20.10	70
Frå ting til ting - seminar 27.11	90
SUM	3500

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune vart oppmoda av nasjonale aktørar og Bergen kommune om å setje ned koordinerande komitear for Stemmerettsjubileet 2013 og Grunnlovsjubileet 2014 i Hordaland. Fylkesutvalet vedtok i mai 2012 at det skulle setjast ned ein komité som skulle koordinere begge jubilea og halde kontakt med nasjonale og lokale aktørar. Komiteen har vore leia av fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes, og representantar frå alle samarbeidskommunane i Hordaland har delteke på møta gjennom åra. Komiteen planla nokre eigne arrangement i løpet av jubilea, og skulle også ha ein koordinerande funksjon med informasjon og formidling.

Grunnlova sitt 200-årsjubileum har hatt tre overordna mål for feiringa:

- Byggje meir kunnskap om Grunnlova og kva ho har hatt å seie
- Skape auka deltaking og engasjement i demokratiske prosessar
- Vere ein brei og inkluderande folkefest i heile landet

Ressursar

Grunnlovsjubileet 2014 vart i budsjettet for 2014 avsett med kr. 500 000, der 200 000 av desse var øymerka til Hardanger2014. Midlane vart lagt til fylkesarkivet under Kultur- og idrettsavdelinga. Fleire andre avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen har også bidrege med midlar til grunnlovsjubileumsarrangement. Laila Melkevoll vart tilsett som rådgjevar i prosjektet med ansvar for koordinering og gjennomføring av arrangementa i fylkeskommunal regi. Melkevoll hadde 100% stilling frå februar til mai, og heldt fram i redusert stilling ut året. Gjennom samarbeid på tvers mellom seksjonar har ein oppnådd å nå fleire og kome fram med ein breiare profil i jubileumsåret. Både opplæringavdelinga, regionalavdelinga og organisasjonsavdelinga har bidrege aktivt med midlar og personalressursar for gjennomføringa av enkeltarrangement. Samarbeid med andre institusjonar, både i det offentlege, private og i sivilsamfunnet har også ført til eit stort mangfald i feiringa.

Formidling av arrangement vart eit hovudansvar for koordinator med ansvar for følgjande nettressursar:

Facebooksider: <https://www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland>. Desse sidene vert ståande som eit lett tilgjengeleg oversyn over alle arrangement. Gå gjerne inn der for å sjå bilete og oppdateringar frå det som har skjedd gjennom året.

Nettsider: <http://www.hordaland.no/grunnlovsjubileet>

Nettsidene vart brukt til å formidle informasjon, med egne artiklar for enkelte av arrangementa.

Den sentrale kalenderen for jubileet vart mykje brukt av aktørar over heile landet, og sjå [alle arrangement i Hordaland](#) her. Her ligg alle fylkeskommunen sine arrangement, saman med ei imponerande rekkje andre frå heile fylket.

Hardanger2014 har stått i ei særstilling med eit stort regionalprosjekt som har fått midlar over tre år, der det siste vart løyvt over potten til jubileet. Koordinator i fylkeskommunen har hatt mykje kontakt med arrangørane i Hardanger2014 gjennom året, og vil tilrå å ta ein kikk på nettsidene og facebooksidene deira for å få eit inntrykk av alt som har gått føre seg både i Hardanger og på veg til og i hovudstaden. Les meir på [Hardanger2014](#) og <https://www.facebook.com/hardanger2014>.

Skjematisk oversyn over bruk av midlar avsett til feiringa av grunnlovsjubileet.

UT	
Hardanger2014	200000
Marknadsføring Vardebrenning for Grunnlova	20000
Menykonkurransen	30000
Festmøte og festmiddag	133000
Grunnlovsseilassen	20000
Støtte regionalt arrangement i Sunnhordland	20000
The Thing Trail	16000
Forestillingsturneen Leik og Liv i 1814	30000
Kulturminnemarkering Christieparken	28000
Tingstadseminar	60000
Marknadsføringstiltak	3000
Premietur til Eidsvoll for elevar i menykonkurransen	10000
SUM	570000
INN	
Pott til Grunnlovsjubileet løyvt i budsjettet for 2014	500000
Støtte frå Riksantikvaren til kulturminnemarkering	30000
Medfinansiering til Grunnlovsseilassen 2014 frå Bergen kommune	10000
Medfinansiering frå regionalavdelinga i HFK til menykonkurransen	20000
Medfinansiering frå opplæringavdelinga i HFK til menykonkurransen	10000
SUM	570000



Barn og unge har vore ei særskilt satsing for markeringa av Grunnlovsjubileet. Dette biletet er henta frå Facebooksidene til ordføraren i Meland og er Grunnlov frå ein barnehage.

Arrangement i fylkeskommunal regi og i samarbeid med andre

Vardebrenning for Grunnlova

16. februar, søndagen nærast i tid til den historiske dagen då brevet om val til Riksforsamlinga gjekk til alle kyrkjer i landet, var den offisielle opningsdagen for grunnlovsjubileet. Samstundes med at HMK Harald tala for dei frammøtte på Eidsvoll og for alle fjernsynssjåarane, tendest åtte vardar vest for Bergen. Dette initiativet kom opp i Region Vest, og turlaga lokalt stod for gjennomføringa. Hordaland fylkeskommune bidrog til marknadsføring og med representasjon på to av vardane, fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes på Turøyvarden og fylkesordførar Tom-Christer Nilsen på Askøy.



Varden på Askøy, foto Torstein Thorsen



I år feirar heile landet at Grunnlova vår er to hundre år. Her ute ved havet startar vi markeringa allereie i dag. Vardebrenninga skal vera ei synleg markering som minner oss om kor viktig Grunnlova har vore for utviklinga i landet, for demokratiet vårt og fridomen vår, og at vi også i framtida må verna om Grunnlova dersom vi vil ha det fritt og godt som i dag.



Foto frå turlaget, Turøyvarden

Utdrag frå tala som vart halden på alle vardetenningane i Region Ves. Sjå bilete over vardane til venstre.

Historisk festmeny for Hordaland 2014

I samarbeid med Norsk Sjømatcenter og Fylkesmannen i Hordaland arrangerte HFK ein konkurranse om å lage historisk festmeny for Hordaland. Både opplæringsdirektør og direktør for regional utvikling deltok inn i dette med formidling til skulane og økonomisk bidrag.

Dette vart eit stort prosjekt i feiringa, og detaljar om arbeidet med festmenyen kan lesast på denne nettsida <http://www.hordaland.no/festmeny>

NRK Hordaland streama konkurransen direkte, og Bergens Tidende dekkja også konkurransen. Deltakarane som konkurrerte var plukka ut av juryen på førehand etter innsende menyframlegg, og elevar frå Sandsli vgs, Sotra vgs, Håheim Gard og Bergsdalstunet. Juryen og publikum hadde ein god ettermiddag med mykje gode smaksprøver, og eit vanskeleg runde for å velje ut vinnarane.

Vinnarmenyen kan lesast i neste avsnitt i rapporten.



Faksimile av konkurranseinvasjonen



Deltakere i konkurransen saman med juryen i amfiet på Norsk Sjømatsenter. Foto: Laila Melkevoll. [Fotoalbum på Facebook her.](#)



Vinnarrettane – og sidan kaka var så god, så la dommarane til denne i menyen. Foto Laila Melkevoll



Elevane som deltok fekk ein tur til Eidsvoll og Stortinget i premie 13. mai, og dette var ein lærerik dag for alle som deltok



Rikssalen i Eidsvollsbygningen

Foto: Laila Melkevoll



Møte med Hordalandsbenken i Vandrehallen på Stortinget same dagen som endringsframlegga til Grunnlova var oppe til votering.

Festmøte og festmiddag for Grunnlova



I samarbeid med Universitetet i Bergen og Bergen kommune var HFK felles vertskap for festmøte i Korskirken og festmiddag på Grand der representantar for alle var invitert saman med alle kommunar i fylket, sivilsamfunn og dei tre statsmaktene, i tillegg til samarbeidspartar til vertskapet.

Universitetet i Bergen inviterte Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune med til å vere felles vertskap for ei festmarkering av Grunnlovsjubileet som ein del av jubileumsveka rundt nasjonaldagen. Den 14. mai vart det invitert til **festmøte** i Korskirken klokka 18 der historiske taler frå 1814 vart framført med påfølgjande kommentarar frå forskarar og musikalske innslag. Festlyden som var invitert til festmiddagen etterpå var med, og arrangementet var ope også for publikum elles.

Festmiddagen på Grand selskapslokaler vart eit høgdepunkt, med eit flott program med representasjon ved Statsminister Erna Solberg på videohelsing, vertskapet frå UiB, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, kunstnarleg innslag, takk for maten-tale ved Erling Gjelsvik og god mat og drikke. Menyen kan ein sjå i faksimile under, og vonaleg vil ein ved neste 200-års jubileum her vest sjå i arkivet etter kva vi serverte i 2014. Det inspirerte festkomiteen i 2014.



Festmøtet i Korskirken vart ei stor oppleving for ei fullsett kyrkje med historiske taler, foredrag og musikk.



Dette biletet gjekk ut som takkehelsing til alle som deltok.



Vokalensemblet Skrik framførte verk frå sin Grunnlovsjubileumskonsernt.



Både festlyden og mat og drikke på festbordet representerte Hordaland denne kvelden.

Lite foto: Laila Melkevoll

Alle foto av frå festdagen for Grunnlova er tekne av Thor Brødreskift for UiB.



Vi feirar
GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014

VELKOMEN TIL

FESTMIDDAG

FOR GRUNNLOVA 1814-2014

14. MAI

GRAND SELSKAPSLOKALER

Vertskap
Bergen Kommune Hordaland Fylkeskommune Universitetet i Bergen







Vi feirar
GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014

HISTORISK FESTMENY FOR HORDALAND

Velkomstmat
Heimelaga flatbrød med tørrfisk krem,
bringebærgrava hjortefilet med
snøfrisk krem, kveite fra Askøy med
peparrot-majones

Velkomstdrikke
Hardangersider Kvasshovden

Forrett
Røykt villaks frå Stamnes. Servert på
potetkake med rømme tilsett Vossakvann,
Bergsdalstunet

Drikke
Våryr frå Voss Bryggeri / Eplemost
Summerred frå Syse gard, Ulvik

Hovedrett
Sosakjøt av vestlandskalv med
honning-glaserte grønnsaker, jordskock-
hertuginnepoteter, Bergsdalstunet

Drikke
Jubileumsøl Einerlåg Saison frå Voss
Bryggeri / Eplemost Gravenstein frå
Syse gard, Ulvik

Dessert
Syrleg krem med eplemynte, ciderkøkt
rabarbra og jordbær, karamelliserte
rugbrødsmular med kvit sjokolade,
Haaheim gaard

Drikke
Eple hetvin frå Nils Lekve, Ulvik

Hvit Dame
frå Sandsli vidaregåande skule



Dagen før 17. mai fekk også alle tilsette i fylkesadministrasjonen smake «den beste hvite damen jeg har smakt», sitat frå Hanne Frosta, då fylkesordførar Tom-Christer Nilsen ønskte god nasjonaldag til alle på fylkeshuset med å spandere kake. Konditorelevane ved Sandsli vidaregåande skole, Patrycja og Martine, hadde produsert ei mengde kaker til oss, og kantina hadde sett sosakjøt på menyen. Heile veka før 17. mai hadde kantina historiske rettar, og prinsefisk vart uformelt kåra til den beste lunsjen. Sjølv sagt måtte også dei tilsette på fylkeshuset få smake noko av alt det gode som var førebudd i jubileumsveka.

Grunnlovsseilassen 2014 – anløp og allting for ungdom

Grunnlovsseilassen var initiert av blant andre Fylkesmannen i Troms, Troms fylkeskommune, Polarinstituttet og ei rekkje andre. Skonnerten Anna Rogde segla heile kysten rundt og arrangere allting for ungdom. Erklæringar frå alle hamner vart leverte til Stortingspresidenten og brakt til Eidsvoll 6. juni. Ungdomspolitisk utval i Hordaland og Ungdommens bystyre i Bergen engasjerte seg i arbeidet med å få inn fråsegner frå ungdom i fylket og Bergens Tidende v/BTbatt bidrog også til mangfaldiggjering av oppmoding til lesarinnlegg.



Ungdomsdebatt om Grunnloven

Hvordan styrke demokratiet?
Hvordan løse miljøutfordringene?
Hvordan skal vi forene mangfold og fellesskap?

BTbatt, Ungdommens fylkesutvalg og Ungdommens bystyre inviterer ungdom til å skrive hva de mener. De beste innleggene kommer på trykk i BT. Alle som skriver innlegg vil bli invitert til å delta på Ungdommens Allting i Bergen 31. mai. Alle innlegg vil bli brukt som grunnlag til å skrive et utkast til en erklæring fra ungdom i Hordaland som Grunnlovsseilassen tar med videre til Eidsvoll.

Send inn ditt innlegg om Grunnloven før 1. mai!

Program og vertskap står oppført i sin heilskap på neste side, og det vart ein festdag ved Dramshusens Skur på Bryggen. Festspillene i Bergen bidrog med å mangfaldiggjere programmet for dagen, og alle fram møtte hadde ei flott oppleving med kultur, demokrati, miljø og vandring på historisk grunn.

GRUNNLOVSSEILASSEN 2014 - PUBLIKUMSTALL ANLØPSHAVNER

Sted	Ved anløp	Åpen båt	Allting	Seminar	Konsertar mottakelser	Gudstjenester kirkelige arr	Ved avgang
Bergen	400	800	330		40		400

Faksimile frå rapporten til Grunnlovsseilassen 2014



Anna Rogde, verdas eldste seglende skonnert, med heile besetninga for Grunnlovsseilassen 2014 om bord saman med ungdomsrepresentantar for Hordaland og Bergen, eksortert inn Vågen av Vengebåten Enigheden, Redningsस्कøyta og historiske fartøy frå Bergen, alt i strålande mai-ver der Vestlandet viste seg frå si finaste side midt under festspela. Foto: Laila Melkevoll



31 mai

BERGEN

Innsegling
 11.25 - 12.00 Anna Rogde kører siste etappe frå Gamle Bergen med ungdomsrepresentantar om bord, eskortert av Vengebåten Enigheden og Redningskøyta. Andre båtar i området er velkomne til å gjere det same

Program frå Dramshusens skur på Bryggen
 11.30 - 12.30 Smaksprøver med tørrfisk
 11.30 - 12.00 Program på kaia med ungdom frå Hordaland
 12.00 Salutt frå båten – fanfare frå land med Tertnes skoles musikkorps
 12.02 The Vossarebels, rockabillyband frå Voss
 12.15 Grunnlovsseilassen hilser Bergen og Hordaland
 12.20 Ordfører Trude H. Drevland ynsker seilassen velkomen og introduserer Nygårds bataljon
 12.30 - 14.00 Ungdommens allting og spørretime – folkeleg arrangement med kultur og debatt
 Alltingspresident leier tingseta og det vert kulturinnslag og høve for folk å stille spørsmål
 Vedtatt fråsegn vert overlevert til Anna Rogdes skipper
 Seilaskultur med Kartellet og The Bon Bons
 14.00 - 17.30 Åpen båt på Anna Rogde med draumetorg, digital utstilling, musikk og informasjon om Anna Rogde og Grunnlovsseilassen 2014
 15.00 - 15.20 Miniforedrag av og om Grunnlovsseilassen 2014, historie, miljø og klima og kultur 1730 og 1900
 Danseforestilling med Kartellet, i Gimle, Kong Oscarsgt. 18 (250,- / 200,-)

GRUNNLOVSSEILASSEN 2014



Grunnlovsseilassen 2014 31. mai i samarbeid med:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE koordinerer arrangementet

BERGEN KOMMUNE vertskap for seilassen

Ungdomsdebatt i samarbeid med:
UNGDOMMENS FYLKESTING HORDALAND FYLKESKOMMUNE fråsegn og allting

Ungdommens Bystyre Bergen fråsegn og allting

BTBATT ungdomsdebatt

RS+ vakthold og eskorte

Bergen byfylke eskorte Vengebåten Enigheden

Meir informasjon
www.hordaland.no/grunnlovsjubileet
www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland
[#grunnlovsjubileet2014hordaland](https://twitter.com/grunnlovsjubileet2014hordaland)



Fråsegn frå alltinget levert til alltingspresidenten av leiar i UFU Agnes Hoshovde Bernes og representant frå Ungdommens Bystyre Martin Blytt.



Ungdommar frå heile Hordaland ombord på Anna Rogde
 Foto: Laila Melkevoll

The Thing Trail

The Thing Trail, turen til tingstader i Vesterlei, var eit prosjekt i regi av Tusenårsstaden Gulatinget i samarbeid med M/S Nybakks vener, og alle fylkeskommunane på Vestlandet var inviterte til å vere vertskap på kvar sin tingstad på turen.


Mona H. Hellesnes representerte på arrangement på Orknøyane 23. juni i samarbeid med M/S Nybakks venner og aktuelle avdelingar i Hordaland fylkeskommune som har samarbeid med dei.



Med seg til Orknøyane hadde Hellesnes med seg bokgåver sett saman av fylkesbiblioteket og mange eksemplar av eit foredrag av Knut Helle halde i samband med vitjing året før.

The Thing Trail hadde sin store finale på Gulatinget i slutten av juni, som var Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt hovudarrangement, og også nært knytta til kommunane i Nordhordland.

[Les heile nettsaka frå vitjinga på Orknøyane.](#)



Leik og liv i 1814 – ein forestillingsturné i Hordaland

I samarbeid med forteljar og skodespelar Merete Gauden har Hordaland fylkeskommune tilbode alle folkebiblioteka i fylket å ta inn i sitt haustprogram ei framsyning om korleis barn levde og kva dei leika med i 1814. Framsyninga hadde premiere på Lindås bibliotek 16. september og vart vist over heile fylket, i 22 kommunar og nærare 40 visingar. Turneen kom i stand som eit spleiselag mellom stat, fylkeskommune og kommunane for å få fleire arrangement i biblioteka. I tråd med biblioteka sitt nye samfunnsoppdrag om å vere ein møteplass og arena for debatt, så var dette ein prøvestein for fylkesbiblioteket som produsent. Tilbakemeldingane frå barn og vaksne var gode og kan lesast i kapittelet med faksimiler frå presseoppslaga. For fylkeskommunen var det viktig å ha arrangement i jubileumsåret i heile fylket, og turneplanen viser dette. I tillegg til desse 36 framsyningane kom det ytterlegare 15 framsyningar etter at turnéplanen var lagt ut.



[Les nettsaka på hordaland.no frå premieren.](#)

Månad	Vekedag	Dato	Tidspunkt	Stad	Framsyning
September	Tysdag	16	12.00	Lindås	1
	Tysdag	16	18.00	Meland	1
	Onsdag	17	12.15	Eidfjord	1
	Onsdag	17	18.00	Ullensvang	1
	Måndag	22	11.45	Ulvik	1
	Måndag	22	9.30	Granvin	1
Oktober	Torsdag	25	11.30	Jondal	1
	Måndag	29	10.00	Strandvik	2
			12.00	Fusa	
	Onsdag	1	9.00	Kaland	2
			12.00	Hovedbibl.Austrheim	
	Fredag	3	11.00	Kvinnherad	1
	Laurdag	4	12.00	Kvinnherad	1
	Tysdag	14	kl. 11.45	Bømlo	1
	Onsdag	8	Føremiddag	Fjell	1
	Onsdag	15	Føremiddag	Samnanger	1
	Torsdag	16	Kjem attende	Odda	1
	Fredag	17	9.00 og 10.15	Filtjar	2
Laurdag	18	12.00	Voss	1	
November	Onsdag	22	9.00, 10 og 11.00	Sund	3
	Torsdag	23	9.30	Etne	2
			12.15	Skånevik	
	Laurdag	25	12	Kvam	1
	Måndag	27	10.00	Sandnes	2
			12.45	Matre, Masfjorden	
	Onsdag	29	9.30	Os	2
			11.30		
	Onsdag	19	9.30	Fana	2
			12.00	Åsane Bergen	
Torsdag	20	10.00	Oasen,	2	
		12.00	Loddefjord Bergen		
Fredag	21	9.00	Landås	2	
		12.00	Bergen offentlige		
SUM					36

På premieren i den meiropane filialen til Lindås bibliotek på Lindås, så var også NRK til stades og intervjuar elevar frå Lindås skule etter framsyning. Over 2000 born har fått sett denne forestillinga i heile fylket, noko som er eit stort løft for heilskapen i jubileumsåret.

Kulturminnemarkering i Christieparken

Hordaland fylkeskommune inviterte i høve grunnlovsjubileet til kulturminnemarkering i Christieparken på Årstad i Bergen måndag 20. oktober klokka 14.

Arrangementet var til etter oppmoding frå Riksantikvaren, som og støtta det økonomisk.

Det var ei historisk vandring i parken saman med blant andre fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes, forfattar av biografien om W.F.K. Christie - Runar Jordåen, og spesialrådgjevar i seksjon for kulturminnevern og museum Erlend Hofstad. Hofstad var ein av forfattarane av boka om Eidsvollsmennenes hus, som hadde boklansering i Bergen 3. september. Kronikken om denne kan lesast i kapittelet med presseklipp. Mannskoret Arme Riddere song blant anna Christiekantaten av Edvard Grieg og Andreas Munch, skriven til avdukinga av Christie-statuen 17. mai 1868, og aldri framført sidan.



Christieparkens venner gav oss omvising i Christie mølle, og sidan det tidvis regna godt kunne også mølla gå og mange fekk med seg mjølposar heim. Det blei servert tradisjonsrike skillingsbollar og kaffi.

Hordaland fylkeskommune ved seksjon for kulturminnevern og museum var ansvarlege for arrangementet. Arrangementet ein del av Christiedagen i samarbeid med Universitetet i Bergen og Riksantikvaren. Seinare på kvelden deltok Mannskoret Arme Riddere med kantata også på lanseringa av biografien om Christie på Litteraturhuset.

Hordaland fylkeskommune ved seksjon for kulturminnevern og museum var ansvarlege for arrangementet. Arrangementet ein del av Christiedagen i samarbeid med Universitetet i Bergen og Riksantikvaren. Seinare på kvelden deltok Mannskoret Arme Riddere med kantata også på lanseringa av biografien om Christie på Litteraturhuset.

[Invitasjon med fullt program for markeringa.](#)


[Etter arrangementet vart det lagt ut ei fyldig nettsak med bilete.](#)

Alle som kom fekk brosjyra under med informasjon om parken, Eidsvollsmannen Christie, og programmet for dagen. Denne kan også lastast ned på denne [lenkia](#).

Ei særskilt rolle i Christieparken har Christieparkens venner under leiing av den spreke entusiastene Willy Monsen. Mølla i parken vart sett opp på dugnad i 2004, og filmen om dette arbeidet har HFK fått i 50 eksemplar til distribusjon til skulebiblioteka i fylket.



Omvising i Christie mølle med Willy Monsen som fortel, og bilete av mølla som fortel noko om kva nedbørmengder det var den dagen.
Foto: Bjarte Brask Eriksen



Christies eiga skisse av parken, med markering av benkane han sette ut. Postvegen går langs hagre side av trekanten, og vegen til Slettebakken på venstre side.

Dei som skapte parken var:

- Stiftamtman Wilhelm Frimann Koren Christie
- Kanselliråd og postmeister Christian Sæbye
- Krigsråd og overvaker Johan Arnoldus von Westen Kahrs
- Tollkasserer Werner Hosewinchel Christie
- Byfut, assessor Georg Jacob Bull
- Overkrigskommisær og kjøpmann August Mohr
- Tollinspektør og justisråd Wilhelm Bernhoft
- Biskop Claus Pavels

Program

Mannskoret Arme Riddere

Norge, t: Arnulf Øverland, m: Henrik Lyssand

Fylkesvaraordfører Mona H. Hellesnes

Velkomststale, grunnlovsjubileet og fylkeskommunal rolle

Fagdirektør Ulf Holmene, Riksantikvaren

Eidsvollsmennenes hjem

Spesialrådgjevar Erlend Hofstad, Hordaland fylkeskommune

Kulturminna i Christieparken

Forfatter Runar Jordåen

W.F.K Christie, sekretær, Stortingspresident og antikvar

Mannskoret Arme Ridder

Christiekantaten, t: Andreas Munch, m: Edvard Grieg i Midnattsolen, t: Sture Woldeen, m: Alf Wold

Ettatleiar Grønn Etat Sissel Lerum

Christieparken i dag

Christieparkens Venner Willy Monsen

Christie mølle si historie og omvising

Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd

Programleiar og vertskap

Christieparken vart skapt i 1820-21 av Wilhelm Frimann Koren Christie og sju av venene hans frå det bergenske embetsmannsmiljøet. Som eidsvollsmann og stortingspresident var Christie (1778-1849) ein av dei mest sentrale politiske aktørane i «mirakelåret» 1814.

Christie har sjølv skildra korleis parken vart til: «Anledningen til at Lyst-Anlægget ved Landaas Broe blev gjort var den, at jeg, Stiftamtmand Christie, i Aaret 1820 om Sommeren, med Tilladelse af Assessor Hagerup som Ejer af Houkeland, lod opføre en Steenbænk, med et Steenbord foran, i en Lund af Oidertræer, som da stode tæt nedenfor Landaas Broe. — Denne Bænk blev sat ved Bækken paa nordre Side, ikke langt nedenfor Postvejen.

Nogle Bekjendte, som med mig drak Theevand sammesteds en Sommer-Eftermiddag, fandt Stedet saa smukt, at de, da jeg yttrede Lyst til at lade et Stykke udenom indhegne og beplante, strax erklærede at ville deltage i Omkostningerne.»



Velkommen til boklansering på Litteraturhuset kl. 19.00

Hordaland fylkeskommune ved seksjon for kulturminnevern og museum er ansvarleg for kulturminnemarkeringa i Christieparken. Det er ein del av Christiedagen i samarbeid med Universitetet i Bergen og Riksantikvaren.

For meir informasjon om Christiedagen, sjå denne nettsida: www.uib.no/grunnlovsjubileet2014/81623/christiedagen



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen


Telefon: 55 23 90 00
e-post: HFK@hfk.no

www.hordaland.no

Oktober 2014. Kultur- og idrettsavdelinga.

Christieparken

20. oktober 2014
kl. 14.00



Vi feirar



GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014



Christie-kantaten

Kantaten, med tekst av Andreas Munch og melodi av Edvard Grieg, vart laga til avdukinga av Christie-statuen på Torgallmenningen 17. mai 1868. Siste del av teksten lyder slik:

See, hans Aasyn atter skuer
Klart udover By!
Ved det Træk hvert Hjerter luer,
Jubler ved hans By

Frihedsdagens Foraarslufte
Hilse ham igjen
Bringe ham paa Blomsterdufte
Norges Hyldning hen

Maatte fra hans ædle Pande
Lys gaa over Nord,
Vække Sønnenne til sande
Gjeringer og Ord,

Vække Liv blant vore Fjælde,
Kraft hos Norges Folk,
Til at faae, naar det skal gjælde,
Atter saadan Folk!



Mølla rett nedanfor Christies lystanlegg vart i 2004 gjenreist av Christieparkens venner.



Som del av opprustinga til grunnlovsjubileet har Bergen kommune satt ut benkar på dei same plassane som Christies benker stod. Dei nye benkene er laga av marmor frå Marmorøya i Nordåsvatnet.



Vegen som gjekk langs austsida av lystanlegget var ein del av postvegen til Christiania. Steinbrua der vegen kryssa Landåsbecken er truleg frå 1700-talet og ei av dei eldste bevarte bruene i Bergen.

Frå ting til ting – seminar saman med Riksantikvaren

I høve grunnlovsjubileet 2014 inviterte Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune til seminaret «Fra ting til ting – tingets arkeologi og historie» på Bryggens Museum i Bergen torsdag 27.november 2014.

Seminaret ville få fram tinget som arkeologisk kulturminne og kaste lys over dei lange liner i historia til det folkestyret vi har i dag: Er det ein kontinuitet frå dei tidlegaste tinga til grunnlova av 1814 og dagens Storting? Korleis såg tingstadene fysisk ut, korleis var dei geografisk plassert og kva aktivitetar fann stad?

Dette seminaret vart det avsluttande arrangementet for HFK i Grunnlovsjubileumsåret, og såleis ei verdig finale der historie, arkeologi, jus og politikk møttest. Oppsummeringa ved prof. Jørn Øyrehagen Sunde peika framover og sende publikum heim med mange inntrykk. Alle foredrag vart filma, og dei fleste vert å finne på [fylkeskommunen sin YouTube-kanal](#) saman med presentasjonane.

[Oppsummering av Knut Helle sitt foredrag.](#)

Seminaret var gratis og ope for alle, og om lag 85 personar deltok. Sjå faksimile av programmet på neste side.



Gode samarbeidspartnarar framfor lunsjetande seminardeltakarar. Frå venstre: Atle Omland, Riksantikvaren, Mona Røssvik Strømme, representant for politisk leing i Hordaland fylkeskommune, Hanna Kosonen Geiran, Riksantikvaren, Frode Iversen, Universitetet i Oslo og Universitetsmuseet i Oslo og Anna Elisa Tryti, direktør for Kultur- og Idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Saman med Jens Rytter og Elin Rotevatn i Riksantikvaren, Anne Aune og Laila Melkevoll i Hordaland fylkeskommune var dette prosjektleiinga for tingstadseminaret.

Foto: Laila Melkevoll

PROGRAM

ONSDAG 26. NOVEMBER

18.00-19.30 Byvandring i Bergen sentrum til steder som er relevante for seminarets tema

TORSdag 27. NOVEMBER

09.15- 10.00 Registrering og kaffe

10.00- 10.15 Velkommen ved Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune

FØRSTE SESJON - LEDER FYLKESKULTURSJEF ANNA ELISA TRYTI

10.15-10.45 Gulatinget og Gulatingsloven. Professor emeritus Knut Helle, Universitetet i Bergen

10:45-11.15 Den europeiske bakgrunnen og de eldste lagtingene i Norge. Professor Frode Iversen, Universitetet i Oslo

11:15-11:30 Beinstrekk

11.30-12:00 På sporet av tingmennene – Frostatinget i lys av nye antikvariske, arkeologiske og geofysiske undersøkelser. Stipendiat Arne Andersson Stamnes, NTNU Trondheim

12.00-12.30 Lagmennene i Norge 1607-1797- Overdommere og regionale matadorer. Seniorrådgiver Hans Eivind Næss, Riksarkivaren, Stavanger

12:30-13.00 Den mellomalderske tingtradisjonen og grannestemme fram mot 1814. Professor Jørn Øyrehagen Sunde, Universitetet i Bergen

13:00-13.40 Enkel lunsj – plakattstillingen Stolen på Steig. Nordlandsmuseet

ANDRE SEKSJON - LEDER PROFESSOR FRODE IVERSEN

13.40-14.10 Bygdetinget i komparativt lys. Kor særmerkt var det norske bygdetinget i ein nordisk og kontinental samanheng? Professor Jon Ragnar Myting, Høgskolen i Bergen

14.10-14.40 Tingsteder på Vestlandet. Stipendiat Halldis Hobæk, Universitetet i Oslo

14.40-15.10 Tingsteder på Østlandet. Stipendiat Marie Ødegaard, Universitetet i Bergen

15.10-15.30 Ettermiddagskaffe med litt å bite i

15.30- 16.00 Meir enn ein marknad – innlandets kaupstemne. Stipendiat Kjetil Loftsgarden, Universitetet i Bergen

16.00-16.30 Vikingtidsplassen Bjørkum i Lærdal i lys av møteplasser, stevne, skeid og dans i historisk tid. Forsker Morten Ramstad, Universitetet i Bergen

16.30-17.00 Tinget og integrasjon av det nordlige Norge 1100-1600. Universitetslektor Miriam Tveit, Universitetet i Nordland

17.00-17.15 Oppsummering ved Jørn Øyrehagen Sunde

Den enkle lunsjen vart oppgradert til ein festlunsj med rettar med historier knytt til seg. Dette var høveleg for eit historisk seminar og leverandøren fekk med seg mange godord for smaksopplevinga.



Festlunsjen klar til servering i Gullskoen kafe på Bymuseet
Foto: Laila Melkevoll



Plakattstilling over tingstader sett opp for høvet
Foto: Elin Rotevatn

Presseklipp

Vardebrenning for Grunnlova 16. februar

VESTNYTT TORSDAG 13. FEBRUAR 2014

KULTUR

11

Tenner vardar for Grunnlova

Markeringa av grunnlovsjubileet startar søndag nøyaktig klokka 20:14. I kommunane i vest blir folk inviterte til vardebrenning.

GRUNNLOVSJUBILEET: I Fjell skal tre vardar lys, i Sund er det ein varde og i Øygarden tre.

Vardebrenninga er i hovudsak ei visuell markering som vil vere synleg over store delar av kommunane. Noko av ideen med å markere på denne måten, er å få folk til å tenke over kor viktig Grunnlova har vore for utviklinga og for demokrati, seier ordførar i Fjell, Eli Berland.

Felles markering
Ideen om å tenne vardar for Grunnlovsjubileet heng saman med ei ønske frå kommunane om å markere starten i fellesskap. Blide Fjell, Sund, Øygarden og Askøy står samla bak initiativet om å lysse opp kveldsmørket, saman med fylkeskommunen og fleire frivillige lag.

For oss er vardebrenning ei viktig, symbolisk handling. Når vardane var i bruk for, handla det om vern. Ein vernar seg mot eventuelle fare ved å varsele nær

liggende bygder. No på søndag handlar det om vidare vern av Grunnlova, fortel Berland.

Fokus på born og ungdom
I tillegg til tenning av vardane blir det eit kort program med fokus på born og ungdom som jo er arvutakarane til å hegne om grunnlova i framtida.

– Vi har lagt oss på ei linje med eit enkelt program som består av ein appell, song og nølser til borna. Grunnlova er noko folk i stor grad tar for gitt i dag, men den er på ingen måte ei sjølvfølge for framtida dersom ikkje vi fører arven vidare til neste generasjon, seier Berland.

Riksmøte for Eidsvoll
Det noko spesielle tidspunktet for vardebrenninga vitnar om at det ikkje er heilt tilfeldig. Det gjeld heller ikkje for datoen.

– 16. februar 1814 var datoen då det blei bestemt at ein skulle halde eit stort riksmål og samla embetsmenn frå heile landet for å skrive grunnlova, fortel historikar i Fjell kommune, Halvor Skurtevit. Tidspunktet 20:14 harmoniserar med starten på TV-sendinga Kring jubileet, sendt frå Eidsvoll.

Blant eidsvollsmennene som skreiv Grunnlova, var det ingen frå denne regionen som var representert.

– Representanten nærast oss



Frå venstre: Halvor Skurtevit, Eli Berland og Arild Halvorsen inviterer komande søndag til vardebrenning i anledning grunnlovsjubileet.

Foto: Karoline Vårdal

IV fakta:

Her tenast vardane:

- Fjell**
 - Turensvarde - tenning ved ordførar Eli Ardal Berland og fylkesvaraordførar Mona Helleenes, ledar for komité for Grunnlovsjubileet Hordaland.
 - Bildematen - tenning ved representant frå Ungdommørns kommunestyre.
 - Spjeldsfjellet - tenning ved barn.
- Sund**
 - Senes - tenning ved ordførar Nils Kåre Skoge og leder av ungdomsrådet Kaia Sandanger.
- Øygarden**
 - Langebøttan på bakken - tenning ved Steinar Hellelund, Bakken nærmljøttuval.
 - Dalmarka ved Steinsvatnet - tenning ved Vidar Andersen, Flåten vel.
 - Miljøshaven på VR - tenning ved ordførar Otto Hørkedstad.

KAROLINE VÅRDAL
karoline@vestnytt.no 92-90574

16 NYHET

MANDAG 17 FEBRUAR 2014 BERGENSVAVEN

Dro grunnlovsfeiringen i gang



SATTE FYR PÅ FEIRINGEN: Kulturjef Lennart Fjell i Fjell kommune (med flagget) tok initiativet til vardebrenning i Fjell, Sund, Askøy og Øygarden.

FOTO: VIDAR LANGELAND

I FYR OG FLAMME FOR FREMTIDEN

Med å sette fyr på åtte vardebranner dro kystfolket i gang grunnlovsfeiringen kl. 20:14 i går kveld.

DAG BLONDAL
dag.blondal@vg.no

TUNDBYVARDEN: Med dette lyset vi fremdeles velkommen, sa Fjell-ordførar Eli Berland. Fest var det stjerneklart. Men då hølet skulle fyrse opp



DELTO: Fylkesvaraordførar Mona Helleenes (t.v.) og Fjell-ordførar Eli Berland under markeringa.

lig arbeid og dugnad. Vi trenger ikkje leve lenge for å finne ledjarer som er med på å gjele bygdene våre levande, sa han. Så tente han på hølet sammen med fylkesvaraordførar Mona Helleenes.

Høljeler sto bak
Det var ledjarer i tur- og grøndalag som sammen med kommunen hadde gjort det mulig med den omfattende vardebrenninga i Fjell, Sund, Askøy og Øygarden. Men ideen kom frå kulturjef Lennart Fjell i Fjell kommune.



MOTTE OPP: 10-årig Sotne-streke hadde tatt turen til Tunsvardar for å blinde vardebrenninga.

Han var stolt og glad over hva han hadde funnet på. – Jeg er veldig fornøyd med at det kom så mange, sa han.

Felret på Eidsvoll
Mens vardabålet blei tent på Tunsvard, ble Grunnlovsfeiet stort, og grunnlovsjubileet åpnet, på Eidsvoll.



SPILTE PÅLSE: Det var ikke så mye varme i bålet i regnet, men pålserne gikk likevel varm.

Eidsvollbygningen for å ta del i feiringen, som Storvinget har arbeidet lenge for å få til, slik nasjonalsamlinga oppå har gjort hvert femtende år etter 1814, til grunnlovsjubileene i 1814, 1914 og 1964.

Og hver gang ble det lagt med nye strek for å få rikssalen i Eidsvollbygningen til å se penere ut enn den faktisk var i 1814. Men nå, foran 200-årsjubileet, har rikssalens utseende eksplisitt funnet ut at salen slett ikkje så staselig ut den gang. Nå føer er alt korrekt. Nå ser salen ut som den gjorde den gang.



DELTO: Fylkesvaraordførar Mona Helleenes (t.v.) og Fjell-ordførar Eli Berland under markeringa.

Brente varder for Grunnloven



Søndag kveld arrangerte kommunene Fjell, Sund, Øygarden og Askøy vardebrenning for å markere den nasjonale åpninga av jubileumsåret for Grunnloven.

KLOKKARVIR: Til sammen åtte varder skulle tenne i de fire kommunene, nøyaktig klokka 20:14. Vestnytt sin utgave var med på Sund Kommune sin vardebrenning på Førdevatnet.

Det ble en flott, men også strøbbas tur i mørket for de som lag 60 personene, som hadde satt av tid til en kveldstur opp til det høyeste fjellet i kommunen. Førdevatnet ligger 234 meter over havet, og i vanlig gangfart går det om lag 45 minutter å ta seg opp fra Fjell til toppunktet. Folk i god form klarer seg med mindre enn halvparten av denne tiden.

Båltenninga var godt forberedt, da kommunene hadde sendt folk i forveien for å stable sammen ved til et bål.

Åpning av ordføreren
Årsmøtet ble innledet med at ordførar Nils Kåre Skoge roddagde for vardebrenninga som vern for Grunnloven. I forbindelse med den høydepunktet i anledningen hadde han tatt på seg ordførerjodet.

– I år feier heile landet at Grunnloven er 200 år. Her ute ved havet starter vi markeringa allerede i dag. Vardebrenninga skal vere ein synlig markering som minner oss om kor viktig Grunnloven har vart for utviklinga i landet, for demokrati og rett og for frammen vår. Oppå i fremtiden må vi vere oss Grunnloven, dersom vi vil ha det like fritt og godt som i dag, sa ordføreren.

Varder som blir sett i branen er en tusen år gammel varingsstrategi i vestre av kysten og landet innefor. Varden var en fast oekning med vakkodde og store vøder vart på å løyse på. Det var et stort ansvar som hvilte på den som var vardiakt.

– A tenne varden feilaktig eller å la varen å kunne tenne å



Om lag 60 personer fra Sund satt av tid til å gå opp til Førdevatnet denne søndagskvelden.

AV: Ina Tarasov Skare

avsløpte seg. I 1683 ble seks menn, og en kvinne fra Fjell boskylt for å la en varde stå uten vakkodde fire dager. Dommen ble at alle måtte betale hver sin bot på to mark, seks, kasse ordføreren fortalte.


Båltenning
Liker etter klokken åtte var det klart for båltenning i den sørke vinden. Det var den pensjonerte skolelektøren Johannes Høyland fra Klokkarvirk som var sjef for oppstilling av hølet.

– Høldagvis har jeg tatt med meg rikelege mengder med miljøvennlig diesel, utarbe han. Så gikk det da heller ikke lang tid før han fikk fyr i hølet, og presis klokken 20:14 stod flammene flere meter opp i luften. Turfaktisk speidet etter lid fra andre varder, men varfeholdene var til hinder for at disse viste seg.

Folk kose seg i varmen fra hølet samtidig som de fikk høre



De to yngste var med på åpning av jubileet var Emma og Henrik på Tøfferv.




Ordførar Nils Kåre Skoge i ein munter passas med stortingsmann Ove Trellick.




Ordførar Nils Kåre Skoge i ein munter passas med stortingsmann Ove Trellick.



Ordførar Nils Kåre Skoge i ein munter passas med stortingsmann Ove Trellick.



Ordførar Nils Kåre Skoge i ein munter passas med stortingsmann Ove Trellick.



Ordførar Nils Kåre Skoge i ein munter passas med stortingsmann Ove Trellick.

Samarbeid om vardebål på Spjeldsfjellet

Rundt 30 menneske møtte opp på Spjeldsfjellet for å delta på vardebrenning for voren av grunnlova. Spjeld på galleg har opp ved, og nabufra i Vindenes bygde blei med for tenning av hølet.

Vardiaktet kunne sjå på frå lang avstand frå kl 20:14. Frå Spjeldsfjellet var det god sikt til vardiaktet på Tunsvardar og Bildematen.

Foran David Hegstad, 13 år fra Vindenes las tålen om vardebrenning skreven av Gualveg Lillbebe.



Bålet på Spjeldsfjellet var eit samarbeid mellom Vindenes og Spjeld.



Just David Hegstad las tale om vardebrenning.

bratte stiene. **STORSTEN SKARE** storsten@vestnytt.no 9272995

Festmeny for Hordaland

BERGENS TIDENDE MANDAG 10. MARS 2014

Kokker i kamp om grunnlovsmeny

For å sette lokal mat på kartet skal vestlandske kokker kjempe om å lage festmeny til grunnlovsjubileet.

TOR ARNE FANGHOL
torarfinghol@bt.no

Det blir verken medisterkaker eller svinesteik å finne når samfunnsoppene skal feire 200-årsjubileet til Grunnloven her i vest. Om loven ble til på Østlandet, skal maten som inntas i jubileumsfeiringen komme fra det beste på Vestlandet. Det har Hordaland fylkeskommune satt som kriterium for en prestisjefyllt kokkekamp i vårmånedene.

I dag er det kick-off på Møteplass Mat. Dette er en utviklingsarena for landbruk, sjømat, reiseliv, forskning og kulturliv med matopplevelser i sentrum. Her lanserer jubileumskomitéleder i Hordaland, Mona H. Hellesnes, kokkekampen som skal ende i servering av festmåltidet under jubileet i midten av mai.

Naturlig anledning

– Nå har Bergen kommune søkt om å bli UNESCO Kreativ Gastronomby, og det skal lages en matstrategi for Hordaland. I forlengelsen av det er det naturlig å bruke grunnlovsjubileet til å fremme hvor bra mat vi har tilgjengelig på Vestlandet og i fylket vårt.

Det sier koordinator for grunnlovsjubileet i fylkeskommunen, Laila Melkevoll.

Hun forklarer at det ikke blir noe østlands innblanding i maten når vestlendingene skal

feire at det er 200 år siden 1814. – Uten å forsuttere er det vel vanskelig å komme unna en fiskerett, i tillegg til det som finnes av lam, eventuelt annet småfe, sier Melkevoll.

Må fortelle historie

De som skal delta må i tillegg til selve maten ha øye og gane for historien som hører til. Det betyr at juryen som skal kåre vinnerne også vil legge betydelig vekt på hvilken historie de forskjellige menyene formidler.

De spiste mye fisk, og til helgen var det gjerne storborgeren selv som gikk på torget og valgte ut fisken. Det kunne ikke overlates til værelsespiken

Erling T. Gjelsvik

– Det er tre kandidater som trekkes ut til den endelige finalen, som skal utkjempes på Norsk Sjømatcenter 22. april. I tillegg til heder og ære vil vinnermenyen bli servert til 200 gjester under jubileumsmiddagen, som skal være i Grand Selskapslokaler 14. mai, fortsetter Melkevoll.

Løvbiff og kinakål

– Er det slik at lokalmaten fortsatt trenger ekstra fremvisning for å bli etablert blant folk flest? – På mange av de beste restaurantene er det blitt slik at lokalmaten er et salgsargument i seg selv, og vi får vite det meste

om hvor saueine har beitet og hvor lenge kjøttet har hengt. Men det er fortsatt en del løvbiff og kinakål på veikeoene, som med fordel kunne vært byttet med gode, lokale alternativer, sier Melkevoll.

Juryen består av matfaglig kompetente mennesker, som matattaché Gunnar Nagell Dahl, restauranter Hanne Frosta, Anders Isager fra Norsk Sjømatcenter, fylkesvaraordfører Mona Hellesnes og professor Frank Aarebrot.

Tok godt for seg

– Skal man ta utgangspunkt i hva som ble spist den gangen, er det først og fremst mat som ble preservert på et eller annet vis. Det var røkt, saltet eller tørket. De spiste mye fisk, og til helgen var det gjerne storborgeren selv som gikk på torget og valgte ut fisken. Det kunne ikke overlates til værelsespiken, sier forfatter Erling T. Gjelsvik, som kan mye om dagliglivet i Bergen på starten av 1800-tallet.

– Hva kunne en slik festmeny inneholde?

– Når det gjelder kjøtt var det søsekjøtt eller kanskje en sursteik. Av fisk var det perstorsk til jul. Boknafisk var populær, eller røykerumpe, som var bakparten av torsken som var røkt, forteller Gjelsvik.

Uansett må kokkene som skal spille historien i en vestlands festmeny beregne nok mat.

– Det bergenske borgerskapet på begynnelsen av 1800-tallet levde høytstående liv, og var kjent for å ta godt for seg ved matbordet, sier Gjelsvik.



SJOKLADEKUNST: Ved hjelp av små ballonger støpte elevene fra Sotra videregående skole små skåler av sjokolade.

Kokkenes grunnlovs-kamp



HVIT DAME: Tradisjonelt og erkebergensk. Laget fra Sandsli videregående skole satset på grynsood, prinsefisk og kake.

Jordskokk, sosekjøtt, prinsefisk og hvit dame konkurrerte om en plass på menyen når Grunnloven skal feires 14. mai.

KRISTIN JANSEN
kristin.jansen@bt.no
foto ØRJAN DEISZ

– Vi fjerner ballongen når sjokoladen er stivnet, sier Louise Plejdrup fra Sotra videregående skole.

Foran seg har hun et brett med fargesprakende ballonger. En etter en dypper hun dem i flytende sjokolade og lar det renne av, før ballongen settes tilbake på brettet. Om en liten stund skal skålene fylles med mousse og serveres som dessert.

Det var duket for kokkekamp i Mathallen i går. I alt fire lag konkurrerte om å få lage den store festmiddagen for Grunnloven 14. mai, med 250 prominente gjester.

– Mat har tradisjonelt hatt en sentral tradisjon i enhver feiring. Vi valgte å ha en

FAKTA

Kokkekamp for Hordaland

- Fire lag konkurrerte om å få lage menyen til grunnlovsfeiringen 14. mai.
- Kostnadsrammen for måltidet er 1100 kroner inkludert drikke.
- Deltakerne ble oppfordret til å velge lokale råvarer.
- Finalistene fikk poeng ut fra smak, råvarevalg, historiefortelling og presentasjon.

Kilde: Hordaland fylkeskommune



VINNERE: Helge Terje Fosse og Margrethe Kristoffersen gikk av med seieren i kokkekampen.

surser. Vi har både fisk, kjøtt, grønnsaker og frukt rundt oss, sier Hellesnes.

Som jurymedlem hadde hun droppet å spise lunsj før konkurransen. Kanskje ikke så dumt ettersom hun og de andre dommerne skulle smake seg gjennom fire forretter, fire hovedretter og fire desserter.

Professor Frank Aarebrot hadde tatt det enda lengre, og fastet hele dagen for det ærefulle juryoppdraget.

– Det er viktig at maten har historiske røtter. Ellers blir det veldig vanskelig for den stakkaren som skal holde takk for maten-talen etter middagen, sier han.

Og vinneren? Det ble Helge Terje Fosse og Bergsdalstunet med en meny av røkt villaks, sosekjøtt med kalv og plommer, sjokolade og krokant av hasselnøtter.

– Vi er aktive gårdbrukere og har allerede en kalv klar til slaktning, sier Fosse.



HVA SPISDE DE?: På begynnelsen av 1800-tallet kunne sosekjøtt og sursteik stå på den bergenske menyen, ifølge forfatter Erling T. Gjelsvik. Museet Eidsvoll 1814 skriver på sine nettsider at eidsvollsmennene blant annet hadde en middag der det ble servert brunt kjøttstuppe, kalvestek og «brød-pudding». Det kjente bildet av riksforsamlingen på Eidsvoll i 1814 er malt av Oscar Arnøльд Gjølund.

De laget den beste 1814-menyen

Fire lag kjempet om å lage Hordalands beste festmiddag når 1814-jubileet. To kokker fra Vaksdal vant kokkekampen.



Vinnerne: Helge Terje Fosse og Margrethe Kristoffersen ble kåret til Hordalands beste kokker i kokkekampen.

Hvem skal få servere en treners festmiddag når 200-årsjubileet for grunnloven skal markeres i Hordaland?

Det var det som sto på spill da Hordaland fylkeskommune i dag arrangerer en kokkekamp på Norsk Sjømatcenter i Mathallen i sentrum.

NRK Hordaland sende heile kokkekampkonkurransen direkte på nett-tv og laga denne saka med vinnarane

<http://www.nrk.no/hordaland/bergsdalstunet-vant-kokkekampen-1.11677340>

Leik og liv i 1814

16

KULTUR

Laurdag 20. september 2014

NORDHORDLAND



VISTE FRAM KLAPPELEIK: Ingeborg Aven Sætre (9) og Sara Natalie Risøy (9) fekk lov til å visa fram ein klappeleik. - Det var gøy! **BEGGE FOTO: IRENE BRATTENG JENSSEN**

Ingeborg og Sara synest det var kjekt å læra om gamle dagar

- Dei hadde det gøy

LINDÅS: Elevane var i fyr og flamme under forestillinga om gamle dagar. - Dei strikka over alt og leika med kyrne, fortel Ingeborg og Sara overraska.

IRENE BRATTENG JENSSEN
irene.jenssen@nordhordland.no

Engasjementet blomstra og hendene fauk i været då forteljar og skodespelar Merethe Gauden stilte spørsmål under forestillinga «Leik og liv i 1814... og 2014». Tirsdag var 2.-4. klasse på Lindås barneskule samla på biblioteket i bygda, der dei fekk med seg sjølve premieren på forestillinga.

- Vi kjenner ingen som har vore i 1814, difor var det kjekt og spennande å læra om korleis barna hadde det den gongen, seier Ingeborg Aven Sætre (9) og Sara Natalie Risøy (9).

- Gjorde mykje rart

Dei to fjerdeklassingane synest

det merkeligste dei fekk høyra var at sjolv gutane kunne strikka før i tida.

- Dei strikka til og med på butikken. Ja, faktisk så strikka dei heile tida og over alt kor dei gjekk, ler Ingeborg.

- Det var kanskje litt kjedelig å strikka så mykje, sjolv om det er gøy òg, meiner Sara.

Jentene er einige om at det høyrst kjekt ut å leva i gamle dagar.

- Det var nok gøy å leika med kyrne og sånt, meiner Ingeborg.

Kan mange klappeleikar

Då forteljar Merethe Gauden introduserte det sprell levande publikummet for nokre gamle klappeleikar, viste det seg at det ikkje berre var barn i gamla dagar som dreiv med sånt. Sara og Ingeborg fekk lov til å visa fram klappeleiken «Min far er ein søppelmann»

- Det var morosamt at vi fekk lov til å visa den fram, og at alle såg på oss, seier dei to venninnene, som klappar klappeleikar minst tre gonger i veka, i følgje dei sjolve.

- Fantastisk engasjement

Gauden skal reisa rundt på ulike bibliotek i Hordaland og halda same forestilling i ein måned framover.

- Det var utruleg morro å få

lov til å ha ha premieren for eit så ivrig publikum.

- Dei levde seg inn i alt eg sa, stilte spørsmål og følgde med frå start til slutt, seier ho.

Dei strikka til og med på butikken. Faktisk så strikka dei heile tida og overalt kor dei gjekk!

- Har alltid vore interessert i historie

Det var Leiv Eidsnes som stakk av med førstepremien i grunnlovskonkurransen. - Flott å vinna eit nettbrett, seier vinnaren.

IRENE BRATTENG JENSSEN
irene.jenssen@nordhordland.no

I heile vår og sommar har Lindås bibliotek hatt ein quiz der folk kunne svara på spørsmål om grunnlovsjubileet. Tirsdag vart vinnaren kåra, og ein overraska Leiv Eidsnes (76) tok i mot premien, som var eit nettbrett.

- No må eg læra meg å bruka dette, men det skal nok gå fint, seier han optimistisk.

Eidsnes fortel at han alltid har vore interessert i historie, men at han likevel måtte lesa seg fram til nokre av svara.

- Det var ikkje alt som var like lett, innrømmer han.

Sjolv om han har god peiling på historie, vart han likevel overraska over å vinna.

- Eg vart heilt paff, men sjolv sagt veldig glad.



VANN NETTBRETT: Fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt, vinnar Leiv Eidsnes og bibliotekar Thomas Bruvik.



FVING KLASSE: Dei oppnær hadde mange gode spørsmål og kunne allerede noke om det tidlegare tida, ber Ingelin Miljeteig (7) og Mia Sævreid Nordtveit (7).

Åle foto: Anja Farnholt

Livet og leiken for 200 år sidan

MELAND: – Dei hadde ikkje så mykje som oss, seier Ingelin Miljeteig (7) og Mia Sævreid Nordtveit (7). Dei lærte mykje då skodespelar og forteljar Merete Gauden fortalde om korleis livet var for born i 1814.

Av Anja Farnholt

Skodespelaren besøkte biblioteket i Meland tysdag. Det var store auge i salen og mange entusiastiske idar og svar då ho fortalte om livet i 1814.

– Eg kjem frå ein plass ingen av dykk har vore. Eg kjem frå 1959, og dei fleste av dykk kjem vel frå 2008 eller noko rundt det, men no skal me ta ei reise til ein stad ingen av oss har vore, sa Gauden, og borna var med frå første stund.

– Me skal til 1814.

Gratis leik

I 1814 var leikar som paradís, klinkekuler, tikken, gøymspel og tulleik vanlege. Det var ikkje snakk om Iphongespel eller andre aktiviteter som ville krevja store kostnader.

Trass i at me i dag har mykje meir, kjende borna til dei fleste leikane som vart presenterte. Leiken har kanskje endra seg på somme punkt, men det er framleis klassikarar som heng att, som både foreldre og born nikka anerkjennande til.

– Me kjende til leikane «bro bro brille», gøymsel og tikken, fortel jentene Miljeteig (7) og Nordtveit (7).

Langsamt liv

Under tidsreisa fekk borna innblikk i ein meir langsamt kvardag enn den me har i dag. Då Gauden spurte korleis borna ville gjø melding til ein fjern slektning om at dei ønskje å besøka han, fekk ho høyre fleire moglege løysingar.

– Eg ville sendt eit brev, sa ei.

Ein anna foreslo snapchat, SMS, epost, Twitter, flakkepost og Skype.

Ideane var mange. I motsetnad til i

1814, då det einaste ein kunne gjere, var å senda eit brev som ikkje ville vere framme før om to til tre veker. Og det ville ta endå eit par veker å få svaret. Ønskte ein å reisa til byen ein sjeldan gong, ville det ta mange timar med båt, og då ikkje med motorbåt med 50 hestekrefter.

Eit liv utan det digitale

Borna på biblioteket fekk også høyra at jentene strikka heile tida, anten dei var heime eller ute. Strikketøyet har i dag vorte erstatta av mobiltelefonar. Nyhende er i dag om oss på alle kantar, anten på radio, TV eller via applikasjonar på telefonen. I 1814 var einaste portalen for sladder og nyhende, kyrkjebakken.

Eit tørt samfunn

– Kva trur de borna åt til frukost på denne tida? spurde forteljar.

Pannekakar med blåbær, foreslo ein.

Andre meinte dei åt poteter eller egg.

Gauden kunne fortelja at dei levde etter regelen «Et du graut vet du staut».

Det å ikkje ete opp maten, var ikkje alternativ, anten det var sil, graut eller poteter på menyen.

Til denne kommentaren vart det veksle mange blikk i salen. Vidare skildra ho skulestyret, og borna fekk eit inntrykk av eit liv med streng lærar og heftig pugging av salmar, då dei fekk i oppgåve å gjenta salmen Gauden leste opp.

–Ville sakna TV-en

Forestillinga engasjerte jentene Ingelin Miljeteig (7) og Mia Sævreid Nordtveit (7) stort.

– Det var ei veldig kjekk forestilling, og skodespelaren var veldig flink, fortel dei.

Trass i at mange av borna kunne mykje noregshistorie, lærte nok dei fleste noko nytt.

– Me kunne nok ikkje alt, fortel dei.

Inntrykket det sitt att med, er at menneska før ikkje hadde like mykje som me har i dag. Hadde dei teke ei tidreise, var dei klar på kva dei ville sakna.

– Eg ville sakna plassen og bur og TV-en, fortel Miljeteig.

Likevel trur jentene at dei unge hadde det bra for i tida eg.

Forestillinga er initiativ frå Hordaland fylkeskommune og skal setjast opp over heile fylket.



TIDREISE: Merete Gauden tok skuleelevar frå Åkra og Halsnøy med tilbake i tid under ei framsyning i biblioteket på fredag.

Slik levde og leika ungane i 1814

VOSS BIBLIOTEK: Korleis var det å vera barn for to hundre år sidan? Det er temaet for framsyninga «Liv og leik i 1814».

Laurdag 18. oktober kjem skodespelaren og forteljar Merete Gauden til Voss bibliotek med ei framsyning «for dei som er i småskulen eller har vore det». Gjennom leik og forteljing prøver Gauden å formidla kva ungane dreiv med i tida rundt 1814, ikkje minst kva dei held på med på fritida. Ikkje hadde dei internett eller fjernsyn, ikkje fanst det bilar eller andre køyretøy å snakka om, og heller ikkje var det flust av vegar å ta seg fram langs for å koma til vener og familie. Kanskje måtte dei ro, gå eller koyra med hest i fleire dagar viss dei skulle til byen, og mange måtte arbeida hardt frå dei var små. Skule var det lite av, og ingen spela fotball.

Likevel finst det mange døme på leikar ungane dreiv på med for to hundre år sidan, og Gauden viser fram fleire av leikane.

Framsyninga er ein del av Hordaland fylkeskommune si feiring av Grunnlovsjubileet.

NILS KVAMSDAL | tekst
nk@avisa-hordaland.no

Tok ungane med til 1814

Fredag fekk skuleelevar frå Åkra og Halsnøy læra om korleis det var å vera barn i tida rundt 1814, før mobiltelefonar og dataspel.

På biblioteket på Husnes fekk ungane høyra Merete Gauden fortelja om leik og liv i 1814. Ho song, lærte dei rim og regler, og stilte dei spørsmål. Framsyninga er ein del av Hordaland fylkeskommune si feiring av Grunnlovsjubileet.

– Viss eg skal visa dykk korleis det var på den tida, kan eg ikkje visa fotografi, for fotoapparatet var ikkje oppfunne! Men heldigvis var det folk som malte maleri, sa Gauden, og fann maleri som

viste ungane som sat på ein graskledd bakke ute i naturen.

– Ser de kva jenta gjer? Ja, ho strikker! De måtte dei kunna før i tida, for dei måtte laga sine egne sokkar. Dei utnytta tida godt, og strikka til og med medan dei gjekk til fjells for å sjå til dyra!

Gauden fortalde at ting gjekk meir langsamt før. Bilen var ikkje oppfunnen, så folk måtte ro, gjerne i dagevis. Dei brukte også hest og kjerre, men det var ikkje mange plassar det var laga til veg. Og nyhende? Det fekk dei på kyrkjebyggane. Gauden fortalde også om ulike leikar ungane hadde før i tida, og bad skuleelevar nemna leikar dei kom på. Mange av leikane frå gamle dagar finst enno, som å hoppa paradís, leika med pinnar, slengtau, sisten og å spela med klinkekuler. Ho

fortalde også at ungane gjekk på skule før i tida, men at dei ikkje hadde skulehus. I staden kom læreren heim til ein av ungane og hadde skule for heile bygda i to veker på våren og to på hausten.

– Synest de det var lite? Ungane på den tida var berre glade for at dei fekk læra seg å lesa og skriva! Det kunne ikkje besteforeldra deira.

Gauden avslutta med å spørja skuleelevar frå Åkra og Halsnøy kva dei hadde sakna mest om dei plutselig måtte leva i 1814.

– iPaden, iPhonen og datamaskina! kom det frå ungane.

Mona Grønningen
mona@kvinneringen.no

KULTUR & DEBATT

Kultur- og debattredaktør: HILDE SANDVIK tlf. 997 25 575. Hjelpeskilde: TONJE AURSLAND tlf. 55 21 45 22 e-post: kultur@trna.no/bistatt@trna.no



FRA 1830: Nykirkeallmenningen slik tegnemester J.F.L. Dreier skildret den rundt 1830. I likfølget ved kirkegårdsmuren er en av figurene rett bak kisten trolig eidsvollsmannen H.J. Grøgaard, Reins etterfølger som sogneprest. Rein bodde i hus nummer to til høyre for kirken.



STØRRE VINDUER: Domkirkegaten 9 har beholdt flere typiske kjennetegn for bergenske borgerhus fra 1700-tallet. Men første etasje er sterkt endret med store, nyere forretningsvinduer.

Her bodde eidsvollsmennene fra Bergen

Overraskende nok står flere av husene etter Bergens eidsvollsmenn.

HISTORIE

ERLEND HOFSTAD
Spesialrådgiver i Hordaland fylkeskommune
JØRN HOLME
Riksantikvar

GRUNNLOVSJUBILEET går nå inn i slutfasen. 4. november feirer vi at Grunnloven i unionen med Sverige ble endelig vedtatt.

Hvert amt valgte tre representanter til Eidsvoll, hvorav en måtte være bonde. De største militære avdelinger valgte også sine representanter, normalt en offiser og en fra «underklassen», soldat eller underoffiser. Byene valgte sine utsendinger etter størrelse, normalt én representant. Stiftsbyene med Christiania valgte to, mens landets største by, Bergen, valgte hele fire

representanter. Det var sorenskriver Wilhelm Frimann Koren Christie, sogneprest Jonas Rein og kjøpmennene Fredrik Melzer og Jens Rolfsen. I tillegg bodde Artillerie-Corpsets sjef, Peter Motzfeldt, i Bergen.

I HELE LANDET har det vært lokale grunnlovsmarkeringer.

I september kom mindre kjente historier fra 1814 frem gjennom boken «De kom fra alle kanter – eidsvollsmennene og deres hus». Boken, som har vært riksantikvarens hovedsatsing til jubileet, presenterer hjemmene til representantene til Riksforsamlingen på Eidsvoll. Hvem var de 112 eidsvollsmennene, hvilken rolle spilte de på Eidsvoll og i hvilke hus bodde de i 1814? Av 112 hjem kjenner vi nå til 111 av dem. Det ukjente hjemmet er et eller annet hus der eidsvollsmannen Palle Romer Fleischer og hans familie bodde i Larvik.

AV EIDSVOLLSMENNENES HUS står om lag 50 igjen, mange riktignok i en ombygget stand. Hele 44 forfattere fra hele landet, kvinner og menn, har skrevet om sine representanter. Boken er i høy grad en fortelling om endring av Norge de siste 200 år. I byer er det knapt igjen hus fra før 1814. Flere embetsmannsboliger, særlig preste- og sorenskrivergårder og større gårdsanlegg, er derimot godt bevart.

Det er først og fremst behovet for byutvikling og bybranner som har endret våre byer. Særlig har tett trehusbebyggelse, med trange smug, vært offer for mang en bybrann. Her slapp heller ikke Bergen unna. Det er derfor overraskende at byboilene til tre av representantene fra Bergen fortsatt står, samt et kjøpmannshus til en annen Eidsvollsmann.

PÅ TROSS AV DE STORE ødeleggelsene på Nordnes under

2. verdenskrig, overlevde rekken med gamle hus langs sørsøstisiden av Nykirkeallmenningen. Det største av disse, nr. 13, var Jonas Reins bolig. Han kom til Bergen i 1808 som nyutnevnt sogneprest i Nykirken, og kjøpte huset etter sin avdøde forgjenger. Det var da nesten helt nytt, reist etter en brann i år 1800, og bygget i samsvar med nye, strenge regler som var innført for å motvirke at nye branner skulle spre seg.

Selv om det er et trehus, har det en murt fasade mot allmenningen, og taket er valmet, uten gavler eller arker. Utvendig er buset – et toetasjes hus med symmetrisk, harmonisk fasade – i hovedtrekk lite endret. Innvendig har det vært mange forandringer gjennom 200 års skiftende bruk, men skriftlige kilder viser at det var innredet på samme måte som andre store borgerhjem i Bergen. I første etasje lå dagligstuen ut mot gaten



STÅR ENNÅ: Øvregeaten tidlig på 1900-tallet med Peter Motzfeldts hus til venstre i bildet. Huset står med den nyrenessansepregete fasaden som kom rundt år 1900. FOTO: BILLESAMLINGEN



STÅR ENNÅ: Det midterste av de tre bolighusene i bildet er Nykirkeallmenningen 13, bolig for tre sogneprester på rad. Først ved gjenreisningen etter andre verdenskrig fikk Nykirken det høye spiret som var planlagt midt på 1700-tallet. FOTO: ARVE KJØRSHEN



STÅR ENNÅ: Domkirkegaten fotografert i 1950-årene, med Jens Rolfsens hjem i nr. 9 lengst til venstre. I bakgrunnen er Domkirken, der Rolfsens svigerfar Johan Nordahl Brun var biskop. FOTO: GUSTAV ROSING



Jens Rolfsen



Wilhelm Frimann Koren Christie



Peter Motzfeldt



Jonas Rein



Fredrik Meltzer

og kjøkkenet mot gårdsplassen, mens det i andre etasje var flere saler. Dette var bestestuer som bare ble brukt ved de viktigste anledninger.

Da Rein døde i 1821, ble huset overtatt av etterfølgeren, Hans Jacob Grøgaard. Han hadde i 1814 representert Nedenes Amt (Aust-Agder) på Riksforsamlingen. Nykirkeallmenningen 13 har dermed den sjeldne ære å ha vært hjemmet til to eidsvollsmenn.

JENS ROLFSEN var kjøpmann, reder, skipper og skipsbygger. Han var født i Kristiansand, men flyttet til Bergen i 1790-årene. I 1799 kjøpte han Domkirkegaten 9, og her bodde han til sin død i 1819. Huset er trolig bygget kort etter bybrannen i 1702, da 80 prosent av Bergen ble ødelagt. Det er en karakteristisk representant for bergenske byhus fra 1700-tallet, med to etasjer, smal fasade mot gaten

med inngangsdør ytterst på ene siden, og en stor ark med spiss gavl øverst. Opprinnelig var hele huset én bolig, men på slutten av 1800-tallet ble første etasje ommånet til butikkkokale. Det samme skjedde med mange eldre borgerhus, etter hvert som sentrum ble omdannet til et moderne forretningsstrøk.

PETER MOTZFELDT var en dyktig, ung offiser som i 1809 ble sjef for artilleriet på Bergenhus. Han oppnådde å bli valgt som representant til riksforsamlingen både for Bergen by og for sin militærtenhet. Huset der han sannsynligvis bodde våren 1814, er borte for lenge siden. Det lå i Store Markeveien og ble revet i 1898. Men høsten 1814 kjøpte han et stort hus rett bak Mariakirken. Øvregeaten 39 står fortsatt, om enn svært kraftig ombygd. Det er et trehus i to etasjer, som muligens kan skrive seg fra slutten av 1600-tallet.

På Motzfeldts tid var Øvregeaten en av byens fornemste gater, dominert av kjøpmenn på Bryggen. Selv fikk han liten anledning til å nyte sitt nye hjem, for han ble utnevnt til statsråd få måneder senere. I 1817 solgte han huset og flyttet til Christiania for godt. I dag rommer Motzfeldts gamle stuer en dagligvarebutikk, og det er lite i interiøret som minner om en eidsvollsmanns fornemme værelser.

Fredrik Meltzers hjem lå i Slottsgaten, der Norges Sildesalgslags bygning står i dag. Meltzers hjem ble ødelagt i eksplosjonskatastrofen 20. april 1944. Likevel finnes det også i dag et bygningsminne etter ham i Bergen sentrum. Meltzer var kjøpmann i gården Dramshusen på Bryggen, og han eide derfor en andel av gårdens felles foesamlingsrom og kjøkken - schøstuen og ildhuset. Disse ble tatt vare på da den indre

FAKTA

Eidsvollsmennenes hus

- Sorenskriver Wilhelm Frimann Koren Christie, Tollboden, senere Kong Oscars gate 71 (brant 1945)
- Sogneprest Jonas Rein, Nykirkeallmenningen 13 (består)
- Kjøpmann Fredrik Meltzer, Slottsgaten 7 (ødelagt i eksplosjonskatastrofen i 1944) og Dramshusen, Bryggen (består)
- Kjøpmann Jens Rolfsen, Domkirkegaten 9 (består)
- Peter Motzfeldt, Artillerie-Corpsset, Øvregeaten 39 (består)

halvdelen av Bryggen ble revet rundt år 1900, og de er i dag en del av Schøtstue-anlegget ved Mariakirken.

WILHELM FRIMANN Koren Christies hjem i 1814 finnes heller ikke lenger; det lå rett innenfor Stadsporten og brant i 1945. I dag står Terminus Hall på tom-

ten. Men det lille landstedet han hadde på Straume gård ved Nordåsvatnet, er bevart. Det er også den lille parken han anla sammen med gode venner i begynnelsen av 1820-årene - Christieparken i Fridalen.

NOE Å GÅ PÅ

Lansering av biografi om Wilhelm F. K. Christie

I samband med grunnlovsjubileet og lanseringa av biografien om Wilhelm F. K. Christie feirer vi Christiedagen måndag 20. oktober.

Wilhelm Frimann Koren Christie var eidsvollsmann, landets første stortingspresident, museumsmann, embetsmann og festmenneske.

Han var ein av grunnleggjarane av Bergen museum, som vert reikna som forloparen til Universitetet i Bergen.

Utstillinga «Den reisende Christie» vert å finne på nett og i vindauga i Nygårdsgaten 5. Gjennom reisene til Christie - studiereiser, tingreiser, politiske reiser og antikvariske og naturhistoris-

ke reiser - får vi eit innblikk i livet hans. Bli kjend med ulike aspekt ved Christie, og samfunnet og vitenskapen på 1800-talet.

Kulturminnemarkering i Christieparken på Landås. Bli med på ei historisk vandring i parken saman med fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes, forfatter av biografien om Christie, Runar Jordåen, og spesialrådgjevar i

avdeling for kulturminnevern og museum Erlend Hofstad. I regi av Hordaland fylkeskommune.

Lansering av biografien «Wilhelm F.K. Christie – presidenten» på Litteraturhuset i Bergen. Historikar Runar Jordåen, UiB, har skrive boka «Wilhelm F.K. Christie – Presidenten» om politikaren

og museumsmannen Wilhelm Frimann Koren Christie.

Boka viser mellom anna den sentrale rolla Christie hadde som stortingspresident hausten 1814.

**Universitetet i Bergen
Kommunikasjonsavdelingen**



HER ER ET UTVALG AV DET SOM SKJER I BERGEN:


IDAG

0903: Bergen og Hordaland Turlag - seniorgruppen: I dag går den tunge mandagsturen i Bergen vest, nærmere bestemt fra Skålevik opp Ørnafjellet og Lyderhorn og Sildaberget, start fra Bystasjonen kl 0903. Linje 44/46, Turleder er Kjell Fossum

1100: Aktiv til 100 - natur: Bergen og Hordaland Turlag, seniorgruppen inviterer til Bergen og Hordaland Turlag ønsker at flest mulig skal komme i fysisk aktivitet og få gode naturopplevelser. Ekstra lette turer er populære. I dag går turen i Kanadaskogen. Oppmøte på turparkerings ved barnehagen innerst i Spelhaugen kl 1100.

1200: Mandagsforedraget: «Papiroløse i Norge: Utenfor og innenfor». Foredragsholder er Synnøve Kristine Nepstad Bendixsen, Bryggens Museum

1400: Kulturminnemarkering i Christieparken: Ta en historiske vandring i parken saman med bla. fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes, forfatter av biografien om W.F.K. Christie - Runar Jordåen, og spesialrådgiver i avdeling for kulturminnevern og museum Erlend Hofstad. Mannskoret Arme Riddere kommer med sin musikalske overraskelse. Christieparkens venner gir omvising i Christie mølle, arrangementet er for alle og vil foregå i parkens øvre del. Og det blir både skillingsboller og kaffe. Hordaland fylkeskommune ved avdeling for kulturminnevern og museum er ansvarleg for arrangementet, Christieparken



MARKERING: Christiesparkens øvre del er i dag plassen for en grunnlovmarkering. Det blir både musikalske innslag og en historisk vandring i parken.

ARKIVFOTO: TOM R. HJERTHOLM,

1800: Mandagsfilmen på biblioteket: «Fish Tank» laget av Andrea Arnold for fem år siden er denne mandagens gratisfilm i Auditoriet på Hovedbiblioteket, Strømgaten

1900: Boklansering og samtaler fra scenen: Historikar Runar Jordåen har skrive boka «Wilhelm F.K. Chris-

tie – Presidenten» om politikaren og museumsmannen Wilhelm Frimann Koren Christie. Den 20. oktober har blitt karakterisert som «Christies politisk største dag», Litteraturhuset

NRK Hordaland dekkar deler av markeringa i ettermiddagssendinga, og [klippa frå radio kan høyrast på denne lenkja.](#)

Eit amatørøptak av kantaten vart også gjort, og kan sjåast på [YouTube.](#)

Eksterne rapportar

Universitetet i Bergen

Hordaland fylkeskommune samarbeidde som vist tidlegare i rapporten om fleire store arrangement og vi medverka til marknadsføring av kvarandre sine arrangement. [Dette går fram av rapporten som UiB har laga, og som ligg ved som pdf i denne rapporten.](#)

Grunnlovsseilassen 2014

Grunnlovsseilassen vart det største enkeltståande arrangementet under grunnlovsjubileet, og er såleis heilt unikt i sitt slag. [Heile rapporten frå seilassen kan lesast her.](#)

Fråsegn frå allting for Ungdom

[Heile fråsegna som lagt fram for fylkestinget i Hordaland og for bystyret i Bergen kan lesast her](#)

Takk til

Fylkesvaraordførar og leiar i komiteen for grunnlovsjubileumsåret, Mona H. Hellesnes, for gode drøftingar om planar, representasjon og bidrag frå fylkesrådmannens stab i kommunikasjon og administrasjon, og medlemmer elles i den koordinerande komiteen, samt Mona Røsvik Strømme for representasjon. Kultur- og idrettsavdelinga ved direktør Anna Elisa Tryti og mange i hennar stab for merkantilt arbeid og særskilt for tingstadseminaret. Fylkesarkivar Anne Aune som tok initiativet til dei politiske sakene som la grunnlaget for den koordinerande rolla fylkeskommunen har tatt i dette arbeidet, og som har følgd arbeidet tettast og koordinert gjennom heile jubileumsåret saman med blant andre Marius Kjørmo, Eli Lote, Paul Sedal, Svein Aage Knudsen og dei andre på fylkesarkivet. Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd for samarbeid om kulturminnemarkeringa og elles for gode bidrag til drøftingar om planer. I hans stab må ein også trekkje fram Erlend Hofstad, David Aasen Sandved, Ann Steindal, Stein Ottosen med fleire. Fylkesbiblioteket ved fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt, Helge Skurtveit og dei andre på fylkesbiblioteket for forestillingsturneen med Merete Gauden. Regionalavdelinga ved direktør Bård Sandal, og Terje Inderhaug for samarbeid om kokkekonkurransen, internasjonal avdeling med Kathrin Jakobsen og Marit Einen for samarbeid om The Thing Trail. Opplæringsavdelinga ved direktør Svein Leidulf Heggheim og hans stab for formidling av kokkekonkurransen og sponing av premietur til Eidsvoll for elevane som vann, engasjerte lærarar på kokk- og restaurantfag rundt i heile Hordaland, og særskilt Eva Danielsen og Stig Hammersland og deira elevar. Kommunikasjonsavdelinga ved Janne Vernø og alle i hennar stab, og særskilt Bjarte Brask Eriksen, Hilde Jordanger Mæland, Geir Kjetil Lien samt Per Tuv på trykkeriet. Damene i resepsjonen har vore til stor hjelp i det daglege, og Arne Norheim og hans stab i kantina har vore sporty leverandørar av historisk mat og tilrettelegging for spontane kakeselskap.

Mange eksterne aktørar har bidrege direkte til samarbeidsprosjekt, og andre har igjen gjeve inspirasjon og bidrege til auka merksemd i jubileumsåret. Region Vest ved Arild Halvorsen i Friluftsrådet og andre i samarbeidsrådet i Vest for godt samarbeid om Vardebrenning for Grunnlova, samt alle born og vaksne som vart med til fjells. Fylkesmannen ved matattaché Gunnar Nagel Dahl, Hanne Frostad, Frank Aarebroth, Norsk Sjømatsenter ved Anders Isager og Alexandra Angel for kokkekonkurransen. Universitetet i Bergen ved prorektor Anne Lise Fimreite og særskilt Bente Krossøy og Ingunn Vie Skaare og dei andre i rektors stab for samarbeid gjennom heile året, og særskilt festmøte og festmiddag for Grunnlova. Bergen kommune ved ordførar Trude Drevland og varaordførar Tor Woldseth, byrådsleiar Ragnhild Stolt-Nielsen for representasjon og vertskap for festmøte og festmiddag, og Heidi Johannesen og dei andre på ordførarens forkontor. Statsminister Erna Solberg for helsing til festlyden, og leiar for Stortingsbenken Øyvind Halleraker, Sigurd Hille for omvising på Stortinget og dei andre representantane som både representerte på festmøtet og som møtte elevane på tur. Nora Kiil og heile den flotte gjengen som gjennomførte Grunnlovsseilassen 2014. Riksantikvar Jørn Holme, Ulf Holmene, Bård Langvandslien, Jens Rytter, Atle Omland, Hanna Kosonen Geiran, Elin Rotevatn og andre som har bidrege i Riksantikvarens stab, og Frode Iversen ved Universitetet i Oslo. Tusen takk til alle førelesarane på tingstadseminaret og forfattar Runar Jordåen og etatleiar for Grønn Etat i Bergen Sissel Lerum for taler på kulturminnemarkeringa.

Ungdomsmedverknad har vore viktig, og stor takk til Anges Bernes Hoshovde, Gard Johannson, Narve Nilsen, Martin Blytt og alle andre engasjerte ungdomar som møtte opp på alltinget og deira sekretariat i høvesvis Ungdomspolitisk utval i Hordaland, Ingeborg Borgen Takle og Ungdommens Bystyre i Bergen, Birgitte Telgård og Camilla Jensen. Takk også til Mathias Fisher for samarbeid med BTbatt.

I ei særstilling står innsatsen til Willy og Agnes Monsen, Christieparkens venner, som sette prikken over i-en i arrangementet i Christieparken.

Kunstnarlege innslag har det vore mange av, og vi vil takke Vokalensemblen Skrik, The Vossarebels, Tertnes Skoles Musikkorps, Nygårds Bataljon, Mannskoret Arme Riddere, samt alle aktørane tilknytta Den Nationale Scene i produksjonen som Kulturoperatørane gjorde for det felles vertskapet for festmøtet. Ei særleg takk går til Merete Gauden, som har helde forestilling åleine for over 2000 born i fylket og til alle bibliotektilsette, lærarar og foreldre og andre som har tilrettelagt for forestillingane saman med fylkesbiblioteket.

Matsservering er også avgjerande, og vi vil takke Norsk Sjømatsenter, Engengruppen på Grand Selskapslokaler og særskilt tørrfiskentusiastane Atle Teige og Sigurd Ekberg for sporty innstilling til historisk festmeny for Hordaland, Baker Brun for skillingsbollar i Christieparken, Søtt og Salt for historisk og kortreist tapas på tingstadseminaret og Sandsli videregående skole si elev-verksemd som laga Kvit Dame til alle i fylkesadministrasjonen og til alle aktørane på kokkekonkurransen som gav smaksprøver på herleg kortreiste, historiske og innovative matrettar. Takk også til ei rekkje lokale produsentar og leverandørar av mat og drikke, og særskilt til Bergsdalstunet og Håheim Gard.

Mange fleire har bidrege med entusiasme, råd og vegleing, og særskilt sekretariatet for Grunnlovsjubileet på Stortinget og personar som tilrettela for ein flott tur til Eidsvoll og Stortinget. Festspillene i Bergen, folk på biblioteka i fylket, Bergen Kystlag, Redningskøyta og andre båtentusiastar, lyd- og lysfolk, stolleverandørar og andre på logistikk. Det har også vore gledeleg at kommentatorar og journalistar i aviser, radio og tv har også gjort sitt til at saker har nådd vidare enn det publikum som til eikvar tid kjem på tilstellingar og forestillingar. Det blir for mange å nemne alle, men tusen takk skal alle ha.

Administrativ leiar for jubileet, fylkesarkivar Anne Aune, og prosjektkoordinator i hennar stab, Laila Melkevoll takkar med dette for merksemda, velviljen og entusiasmen som folk har vist oss, og avsluttar rapporten med eit foto teke av Ann Steindal der vi står framfor fasadebiletet i Agnes Mowinckels gate 5 som syner nettopp det vi har fortalt om i denne rapporten.

07.01.2014
Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelingar
Fylkesarkivet
Laila Melkevoll

